

# Kompetanse for mangfold - regelverkssamlingar

Fylkesmannen er beden av Utdanningsdirektoratet om å ha opplæring i regelverket for barnehagemyndigkeit, barnehageeigarar og skuleeigarar som deltek i satsinga *Kompetanse for mangfold*. Det er for å sikra ei heilskapleg forståing av regelverket i kommunar og fylkeskommunar. Styrarar og rektarar i dei einingane som deltek i satsinga bør også delta i opplæringa.

Fylkesmannen har sett opp følgjande tema og datoar:

## **Eit overordna blikk på bakgrunn for satsinga, lov og regelverk knytt til satsinga.**

**Torsdag 19. oktober kl. 9 – 13**

Målgruppe: Barnehagemyndigkeit, barnehageeigarar, skuleeigarar, styrarar og rektarar. Det er viktig at vi får representert heile opplæringsløpet frå barnehage, grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæringa. Høgskulen, HVL, er også invitert til å delta.

## **Meir om særskild språkopplæring i grunnskulen, vidaregåande opplæring og**

**vaksenopplæringa. Onsdag 17. januar kl. 9 - 13**

Målgruppe: Skuleeigarar, PPT/OT, rektarar og eventuelle avdelingsleiarar. Høgskulen, HVL, er også invitert til å delta.

## **Meir om forvaltning og sakshandsaming, enkeltvedtak, klagehandsaming osv.**

**Torsdag 15. mars kl. 9 - 13**

Opplæringslova gjev elevar, lærlingar, vaksne og føresette rettar og pliktar. Reglene for enkeltvedtak skal bidra til å ivareta rettane og verne mot uheldige og uriktige avgjerder.

Målgruppe: Barnehagemyndigkeit, barnehageeigarar, skuleeigarar, PPT/OT, styrarar, rektarar og eventuelle avdelingsleiarar. Høgskulen, HVL, er også invitert til å delta.

Regelverkssamlingane vil vere todelte. Det vil vere ein gjennomgang av regelverket, men det vil også vere ein del der deltakarane tar med seg spørsmål frå sin praksis som kan diskuterast. Eg kjem difor til å be dykk sende inn spørsmål eller problemstillingar i forkant av samlingane.

Til slutt vil det verte ein kort runde der alle kommunane får nokre minutt for å orientere kvarandre om korleis utviklingsarbeidet går i eigen kommune/eining.

Eg ber dykk om å merka dykk datoane og dela dei med einingane som skal delta frå dykkar kommune/fylkeskommune. Det vil koma ein e-post om påmeldingsfrist seks veker før oppsett dato.

Lukka til med utviklingsarbeidet!

Med venleg helsing

Grethe Fjeld  
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
utdanningsavdelinga